

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Kommunehuset, Aurland

Dato: 27.06.2018

Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post
fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Styremedlem Gunn Åmdal Mongstad har meldt forfall til møtet. Hilmar Høl er kalla inn som vara for Mongstad.

Marianne Bøthun er kalla inn som styremedlem i sak 27/18.

Invitert innleiar på fyrste del av møtet:

Kl. 10.00 – 10.20: Torleif Lothe frå UNI Research Polytec legg fram resultata i rapporten *Måling av erosjon i Nærøyfjorden*.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 23/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 25/18	Referatsaker		
RS 16/18	Saksliste med vedlegg til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap - 7. - 8. juni		2013/3387
ST 26/18	Delegerete saker		
DS 6/18	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen		2015/3832
ST 27/18	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - lyspunkt i Nærøyfjorden		2018/1041
ST 28/18	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet		2017/1739
ST 29/18	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - helikoptertransport av ostebu til Nedbergo		2014/1980
ST 30/18	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - uttak av stein frå området til grunnmur til ostebu og geitefjøs på Nedbergo, og motorferdsel i samband med tiltaket		2014/1980

ST 23/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 24/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 25/18 Referatsaker

RS 16/18 Saksliste med vedlegg til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap - 7. - 8. juni

ST 26/18 Delegerte saker

DS 6/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen



Arkivsaksnr: 2018/1041-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 04.04.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	12/18	23.04.2018
Nærøyfjorden verneområdestyre	27/18	27.06.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - lyspunkt i Nærøyfjorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018

Handsaming i møte

Jan Geir Solheim var ugild i saka, jf. forvaltningslova § 6 e).

Noralf Distad kom med framlegg om at saka vart utsett. Søkjær vert oppmoda om å vurdera lyspunkt utanfor verneområdet. Det vart røysta over framlegg frå Distad. Med dobbelstemme frå styreleiar Distad, var det 3 røyster for Distad sitt framlegg, og 2 røyster mot framlegg frå Distad.

Vedtak

Saka er utsett. Søkjær vert oppmoda om å vurdera lyspunkt utanfor verneområdet.

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknad om etablering av lyspunkt i Nærøyfjorden. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Grunngjevinga for avslaget er at tiltaket er i strid med verneføremålet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nærøyfjorden verdsarvpark om løyve til etablering og oppsett av lyspunkt – Nærøyfjorden, datert 12.03.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002




Nærøyfjorden verneområdestyre

- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Nærøyfjorden verdsarvpark planlegg eit forprosjekt med mål om å lyssette enkelte element/lokalitetar i Nærøyfjorden. Det er eit samarbeidsprosjekt med parkpartnerane Flåm AS og The Fjords. Prosjektleiar er Per A. Svanes. Forprosjektet omfattar etablering og oppsett av 2 lypunkt som skal stå klart til drift hausten/vinteren/våren 2018/2019 og avsluttast i 2020. Detaljplanlegging vil føregå frå våren og utover hausten i år.

Målet med prosjektet er (sitat frå søknad) «*Gjøre Nærøyfjorden mer attraktiv vinterstid ved å lyssette og synliggjøre fra båt enkelte elementer og lokaliteter ved verdsarvfjordene på strekningen Flåm – Gudvangen*». Ved å få eit nytt vintertilbod, håpar søker på auka besøk som vil styrke grunnlaget for heilårsturisme, og spreie turistane både i tid og rom. Dersom forprosjektet vert vellukka, er neste steg å få inntil 15 lypunkt på strekninga Flåm – Gudvangen.

Lypunkta som er planlagt utprøvt i forprosjektet er Sagelvi/Lægdafossen og bygningane på Holmo. Lypunkta er valt ut i samråd med kapteinen på båten «Vision of the Fjords». Grunneigarane i dei valte områda har gjeve løyve til etablering av lypunkt i forprosjektperioden.



Kart med avmerkt område for etablering av lypunkt. Kopi frå søknad.



I søknaden er det ikkje lagt med skisse/teikning eller bilde som synleggjer omfang og drift av dei tekniske installasjonane. Det vert tatt avgjer om tekniske løysingar i forprosjektet. Det er opplyst at utstyr på land vil vera ledwasher 36x8 W IP 66 – 15, 25 eller 40 grader linse, DMX recorder tidskode, Kontakt box og SMS-Termostyret DOME. Alt utstyret skal monterast i ein kasse med herda frontglas. Kassa må vera tilkopla straum eller batteri/solcelle for drift. Alternativ lyssetting er lys og projektor på båten som vert aktivert via GPS-signal. Lysettingssperioden vil vera aktivert i perioden når båten passerer lyspunkt.

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombanen er definert i verneforskrifta § 2:

«*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombanen er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.* Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Dette gjeld mellom anna «Oppføring av anlegg og faste innretningar...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Etablering av lyspunkt er ikkje regulert i verneforskrifta som spesifisert dispensasjonsregel, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nærøyfjorden er ein del av Nærøyfjorden landskapsvernombanen. Verneføremålet er å ta vare på natur- og kulturlandskapet. I verneplanprosessen var ikkje lyssetting ei problemstilling som var diskutert, og det er ikkje reglar i verneforskrifta som omhandlar anlegg med lys eller opplysing av landskapet. Dispensasjonsregelen etter naturmangfaldlova § 48 er meint for uforutsette tilfelle eller forhold som ikkje var vurdert ved opprettning av verneområdet. Tiltaket må ikkje vera i strid med verneføremålet og vera til nemneverdig skade på verneverdiene. Begge vilkåra må vera oppfylt for at det kan gjevast løyve etter nml. § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er henta frå arbeid med verneplanprosessen, forvalningsplan og gjennomførte registreringar i området. Lægdafossen er ein del av Sagelvi. Fossen har eit totalt fall på 575 meter, og stuper rett ut i fjorden i fleire fall. Det høgste faller på 125 meter er det øvste fallet. Kunnskapen om naturverdiene ved Sagelvi og Lægdafossen er kjent gjennom registreringar i samband med verneplanprosessen, og SNO sine registreringar. I 1983 vart det registrert rik edellauvskog på vestsida av Sagelvi i samband med naturtypekartlegging i Aurland kommune. Det vart ikkje gjennomført registreringar i felt av artsmangfaldet. Området ligg utilgjengeleg til, og er bortimot upåverka. Det er ved fleire høve observert havørn i området ved nedste del av Sagelvi, men det er ikkje registrert hekkande



fuglar i dette området. Ut over dette er det ikkje gjennomført registreringar av dyrelivet i dette området.

Holmo er stølsområde for gardane på Styvi. Det står tre bygningar der i dag og ein utedo. I tillegg er det murar etter fleire bygningar og ei gravrøys. Bygningane er registrert i SEFRAK-registeret. I samband med skjøtselsplan for Holmo-Styvi vart det gjennomført registreringar av vegetasjon. Det er ikkje registrert sårbare og trua naturtypar på Holmo. Det er ikkje gjennomført spesifikke registreringar av dyrelivet. Av sårbare artar er det registrert oter på Holmo (Naturbase 02.04.2018). Hjort nyttar området heile året. Hjorten tilpassar seg menneskeleg aktivitet, og lyssetting vil truleg ha liten negativ verknad på hjort.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som bra for å vurdera saka, men det er manglande opplysningar om dyrelivet. Det er gjennomført lite undersøkingar og forsking på korleis lyssetting påverkar dyrelivet. Lyssetting i den mørke årstida kan ha negativ verknad for nokon artar, blant anna ved at dei vert meir utsette for predasjon. Med lite kunnskap om dyrelivet i området, og effekt lys kan ha på dyrelivet, vurderer forvaltar kunnskapen som mangelfull for å gjera ei god vurdering av saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt vekt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Forvaltar vurderer det er for lite kunnskap om kva verknadane lyssetting kan ha på naturmiljøet til å gje ei god nok vurdering av saka. Lyssetting av landskapet i verneområde kan påverka landskapet sin karakter, og det vil kunne gje ei endra oppleveling av landskapet i periodane når lyset vert slått på. I kulturlandskapet er det berre tradisjon for å bruka utelampe til opplysing av gardstun. Lyssetting av stølsmiljø og uteløer vil bryte med det tradisjonelle kulturlandskapet.

Opplysing av landskapselement som fossar er nytta i fleire område som ikkje er verna, blant anna Låtefoss i Odda kommune og Langfoss ved Åkrafjorden. Lyssetting av fossar og landskap er såleis ikkje eit unikt produkt. Nærøyfjorden landskapsvernombord er del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Marknadsføringa av området som eit heilårsprodukt har gitt resultat, og det er ein aukande tilstrøyming av turistar som vil oppleva dette unike landskapet på vinteren. Sommaren 2015 vart det gjennomført ein spørjeundersøking blant besökande i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (TØI-rapport 1585/2017). Resultat frå denne rapporten viser at natur- og landskapselement vert tillagt stor vekt i opplevelinga av områda. For nokon besøkjande vil lyssetting av landskap kunne gje ei redusert oppleveling av området. I arbeidet med besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjorden skal verneområdestyre setja opp mål for korleis området skal kunne opplevast, og kva type tilrettelegging som skal prioriterast i dei ulike delane av verneområde. Dette arbeidet er starta opp og skal vera sluttført innan 2020. Sjølv om det i denne saka er søkt om eit forprosjekt med berre to lyspunkt, er målsettinga å få etablert inntil 15 lyspunkt i området. Prosjektet vil difor kunne skapa presedens for etablering av lyspunkt både i dette verneområdet og andre verneområde. Den samla belastninga på naturmiljøet av lyspunkt vil kunne påverka landskapet sin eigenart. På denne bakgrunn vurderer forvaltar at det ikkje er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Nml. §§ 11 og 12 er ikkje vurdert i denne saka då det er innstilt på avslag på søknaden.

Konklusjon



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

På bakgrunn av vurderingane etter nml. §§ 8-10 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket vil vera i strid med verneføremålet. Forvaltar innstiller på avslag på søknaden med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2017/1739-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 14.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	28/18	27.06.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet, og uttak av stein frå nærområdet. Tilretteleggingstiltaka inneber steinlegging på deler av stien. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Våte parti på stien kan steinleggjast ved å legge Stein i stien.
- Steinane kan plukkast frå område nær stien.
- Torv og vegetasjon skal leggjast tilbake der steinane er plukka i området.
- Dersom det ikkje er nok steinar til steinlegging av stien, kan det plukkast steinar frå ei steinur ovanfor Kreklinghaug nordvest for Vassete.
- Verneområdestyret skriv avtale med grunneigarane før steinlegginga startar.
- Grunneigarane i området er eigar av stien, og har ansvar for vedlikehald av stien.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Referat frå synfaring på stien frå Hjølmo til Vassete i Nærøyfjorden landskapsvernombord, datert 27.06.2017
- Notat frå synfaring 06.06.2018 på tiltak på sti til Vassete, e-post datert 15.06.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008




Nærøyfjorden verneområdestyre

Det var synfaring på stien frå Hjølmo til Vassete fredag 16. juni 2017. Med på synfaringa var Siv Tønder (grunneigar), Inger Fjellkleiv (grunneigar), Kristoffer Ullern Hansen (SNO) og Anbjørg Nornes (verneområdeforvaltar). Bakgrunnen for synfaringa var auka ferdsel på veg og sti på strekninga Dyrdal – Hjølmo – Vassete – Breiskrednosi av turgåarar. Turgåarane er både enkelt personar og grupper i privat regi, og organiserte guida grupper. Målet for dei fleste som går er topptur til Breiskrednosi. Den auka bruken har ført til tydleg slitasje på stien.

Stien går i bratt terreng frå Hjølmo opp til Vassetvatnet. Her går stien på underlag med fast grunn som har høg tåleevne for trakk. Der stien flatar ut mot bruа over elva frå Vassetvatnet, er det våtare parti med vatn i stien. Stien vidare langs heile Vassetvatnet til Vassete går delvis i område med bakkemyr og våte parti. For å unngå dei våtaste partia, har turgåarar funne ny trase ved sida av eksisterande sti. Våte myrområde har låg tåleevne for ferdsel. Myrområde ved Vassete er registrert som lokal viktig naturtype. Det er difor viktig å gjera tiltak på stien for å avgrensa slitasjen på stien og naturen i området. Aktuelle tiltak er å legge Stein i stien, og leie vatn vekk frå stien.

Grunneigarane i Dyrdal og Dyrdal grendalag har diskutert tiltak med steinlegging av stien. Steinlegging av stien vart diskutert på møte i grendalaget i byrjinga av juni. Leiar i grendalaget, Siv Tønder, opplyser at grunneigarane er positivet til steinlegging av stien, og grunneigarane er positive til at det vert plukka Stein frå området til tiltaket.

Det vart gjennomført ny synfaring på stien 6. juni i år, for å vurdera om det var nok Stein i terrenget nær stien til å bruke i steinlegginga. Geirr Vetti frå Stibyggjarne AS var med på synfaringa for å vurdera tiltaket. Nærøyfjorden verneområdestyre har skrive avtale med Stibyggjaren om sti- og murarbeid i verneområdet. Undre synfaringa vart det konkludert med at det er bra med Stein nær stien, men at det ikkje vil vera nok til heile stien. Det vart sett på eit område på andre sida av Vassetvatnet der det er mogleg å finne steinar som er store nok, og som egnar seg til steinlegginga. Aktuelt område ligg ovanfor Kreklinghaug nordvest for Vassetvatnet, sjå kart under.





Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Steinlegging av sti og uttak av stein er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Vassete og Hjølmo er stølane til gardsbruk i Dyrdal og på Styvi. Stølane ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det har siste åra vore ein stor auke av besøkjande til Nærøyfjorden og fjellområda rundt. Særleg er turen frå Dyrdal til Breiskrednosi populær. Turen går på veg til Hjølmo og vidare på sti til Hjølmo, Vassete og til Breiskrednosi. Frå Breiskrednosi er det flott utsikt til både fjorden, bygdene ved fjorden, og eit storslått landskapet rundt. Dette har vorte ein attraktiv tur for fleire aktivitetsfirma, turlag og einskild personar. I verneområde kan det leggast til rette for auka ferdsel der det ikkje går utover verneverdiene. Bygging av steintrapper og steinlegging er etter kvart vorte vanleg i verneområde for å få betre tilrettelegging for besøkjande. Forvaltar vurderer steinlegging og uttak av stein som viktige tiltak for å ta vare på naturverdiene og buførestien langs Vassetvatnet, og meiner vilkåra for å vurdera saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ er oppfylt.

Kunnskapen om området er henta frå forvalningsplan, synfaring i området og erfaring med ferdsel i området. Så langt me kjenner til er det ingen kjente trua artar i området. Vassetvatnet er registrert som viktig hekkeområde for våtmarksfuglar, og som lokal viktig naturtype (Naturbase 15.06.2018). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. På stien langs Vassetvatnet har det vore lagt ut steinar på dei våtaste partia av stien, og vatn har vorte leia vekk frå stien. Tiltaka som er planlagt er bra i samsvar med vanleg vedlikehald for denne stien, men auke i bruken av stein. På grunn av auka ferdsel er det trong for meir omfattande steinlegging. Det vil ikkje vera trong for å steinlegge heile stien langs Vassetvatnet, og forvaltar vurderer tiltaket i liten vil føra til auka belastning.

I terrenget nær stien er det mogleg å finne stein til bruk i stien. Steinane skal plukkast ut enkeltvis, og torv og vegetasjon skal leggjast tilbake etter på. Uttak av stein vil vera lite



synleg i terrenget. Ved å plukka steinar enkeltvis frå Steinura nordvest for Vassete, vil inngrepet vera lite synleg og det vil i liten grad påverka landskapet. Det er likevel viktig å vurdera den samla belastninga på landskapet av uttak av Stein frå Steinurer. Fleire mindre uttak kan samla sett ha betydning på landskapet sin karakter. Det må difor for kvar enkel sak vurderast behovet for tiltaket, og om den samla belastninga vert for stor. Forvaltar vurderer dette utaket til å vera eit lite inngrep som vil gje liten verknad på landskapet, og at det vil gje akseptabel belastninga på naturmiljøet.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

Steinlegging av sti er ein vanleg og godt utprøvd metode for tilrettelegging for ferdsel i verneområde. Forvaltar vurderer Steinlegging som ein god miljømessig metode for tilrettelegging i dette området. Det meste av steinen kan finnast nær stien utan transport, og inngrepa vil vera lite synlege i terrenget. Uttak av nokre steinar frå Steinura nordvest for Vassete vil gje kort transportetappe, og forvaltar meiner det vil vera den beste metoden med tanke på konsekvensar for miljøet. God tilrettelegging av stien slik at turgåarar vel å gå på stien og ikkje i terrenget utanfor, vil ta vare på naturen og verneverdiene i området jf. nml. § 12. Med god tilpassing ved plukking av Stein og legging av Stein, vurderer forvaltar at tiltak ikkje vil vera i strid med verneføremålet.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til uttak av Stein og Steinlegging av stien kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2014/1980-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 15.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	29/18	27.06.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - helikoptertransport av ostebu til Nedbergo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Neberge Klevmark løyve til å landa med helikopter på gnr. 55 bnr. 2 på Nedbergo for å frakta ostebu frå Hjellum til Nedbergo. Løyvet gjeld for inntil 10 landingar på 2 dagar i perioden 2. juli – 1. oktober 2018. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 2.3 og gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av ostebua.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturopsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport
- Transporten skal samordnast med eventuell transport av stein frå Fureholten til Nedbergo.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 30.11.2018 med informasjon om flygertye, dato og tal landingar på Nedbergo

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Torill Nedberge Klevmark om motorferdsel i utmark, Nedbergo fjellgard, Aurland kommune, datert 11.06.2018
- Løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre til riving og restaurering av ostebu og geitefjøs på Nedbergo, sak 22/15, 12.10.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Torill Nedberge Klevmark har fått løyve til å restaurera ostebu og geitefjøs på gnr. 55, bnr. 2 på Nedbergo. Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til å ta ned bygget og transportera bygget ut av området for restaurering i sak 22/15, 12.10.2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet.

Klevmark planlegg å setja opp att ostebua på Nedbergo i haust. I 2017 vart grunnmuren under ostebua og geitefjøset restaurert av sherpaer frå Nepal.

Transportruta er frå Hjellum i Undredal til Nedbergo. Det er planlagt transport på to dagar i tidsrommet frå 1. juli til 15. oktober 2018. Søkjar opplyser på telefon at transporten mest truleg er avslutta før 1. oktober. Transporten skal samordnast med transport av Stein til ferdigstilling av grunnmurane til ostebua og geitefjøsen.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*» Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsla, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruver m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nedbergo ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Det er to gardsbruk på Nedbergo, men ingen av gardane er i drift i dag. Fleire av bygningane på Nedbergo er restaurerte. Ostebua og geitefjøsen er under restaurering, og grunnmurane under bygga skal ferdigstilla i sommar. Ostebua er ferdigrestaurert og skal transporterast til Nedbergo og setjast på plass på grunnmurane i sommar og haust. For å transporterera ostebua til Nedbergo, er det naudsynt med helikoptertransport.

Forvaltinga ynskjer å praktisera reglane i landskapsvernombordet på ein måte som held motorferdsla på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet. Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Helikoptertransport må avgrensast til det som er naudsynt. Søkjar vert oppmoda om å samordna transporten med andre dersom det er anna transport i området for å redusera belastninga med motortransport. Transporten skal samordnast med eventuell transport av Stein frå Fureholten



til Nedbergo. Samordning av transport er med å avgrensar unødig belastning av støy i området. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsle i Nærøyfjorden landskapsvernområde til å vera på eit akseptabelt nivå.

Nml § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Opp til hyllegardane på Nedbergo er det berre sti, og ein taubane som ikkje er i bruk. Helikoptertransport av materiale og utstyr til og frå Nedbergo er heilt avgjerande for å gjennomføra restaureringsarbeidet. I retningslinjene i forvaltningsplanen er helikoptertransport av materiale til stølar (avsidesliggjande) trekt fram som tiltak det kan gjevast løye til. Forvaltar vurderer transport til hyllegardane på lik linje med transport til stølane. Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transport på ein slik måte at transporten vert avgrensa til færrest mogleg turar. Forvaltar vurderer helikoptertransport som ein effektiv transportmetode, og den beste måten å transportera materiale til og frå Nedbergo på. Transporten vil ikkje gje uro utover den tida flyginga pågår, og vert vurdert som miljøforsvarlege til dette føremålet jf. nml § 12.

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar bruk av helikopter til transport av materiale til bygningane til ikkje å vera i strid med verneforskrifta, og tilrår at det vert gjeve løye til transporten.



Arkivsaksnr: 2014/1980-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 15.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	30/18	27.06.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombordet – uttak av stein frå området til grunnmur til ostebu og geitefjøs på Nedbergo, og motorferdsel i samband med tiltaket

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Nedberge Klevmark løyve til å henta stein frå Fureholten ovanfor Nedbergo til grunnmur til ostebu og geitefjøs. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan hentast inntil 20 sekker («big bags») med stein frå området ved Fureholten.
- Steinane skal plukkast spreidd frå steinura ved Fureholten for å få minst mogleg synleg inngrep.
- Uttak av stein skal avgrensast til supplering av stein til restaurering av grunnmuren på ostebua og geitefjøsen på Nedbergo.
- Etter uttaket er gjennomført, og innan 30.11.2018, skal det sendast rapport med bilde frå uttaksområdet til sekretariatet for verneområdestyret.

Motorferdsel

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Klevmark Nedberge løyve til å landa med helikopter på innmarka på Nedbergo for transport av stein frå Fureholten. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld lågtflyging mellom Fureholten og Nedbergo, og inntil 20 landing med helikopter på innmarka på Nedbergo for transport av stein til grunnmuren på ostebua og geitefjøsen. Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av stein til grunnmuren på ostebua og geitefjøsen.
- Flyginga og landingane skal gjennomførast på ein dag i perioden 2. juli – 1. oktober 2018.
- Transporten skal samordnast med transport av material til ostebua frå Hjellum til Nedbergo.
- Det skal ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Under flyging skal det takast omsyn til naturmiljøet.



- Det skal sendast melding til Statens Naturopsyn (SNO) v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten tek til. Han vil gje melding om det må takast særskilt omsyn til naturmiljøet under transporten.
- Dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast rapport med dato for flyging og tal landingar til sekretariatet innan 30.11.2018

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Torill Nedberge Klevmark om motorferdsel i utmark, Nedbergo fjellgard, Aurland kommune, datert 11.06.2018
- Kart over flygerute og uttaksområde for stein
- Løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre til riving og restaurering av ostebu og geitefjøs på Nedbergo, sak 22/15, 12.10.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008


Torill Nedberge Klevmark har fått løyve til å restaurera ostebu og geitefjøs på gnr. 55, bnr. 2 på Nedbergo. Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til å ta ned bygget og transportera bygget ut av området for restaurering i sak 22/15, 12.10.2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet.

Klevmark planlegg å setja opp att ostebua på Nedbergo i haust. I 2017 vart grunnmuren under ostebua og geitefjøset restaurert av sherpaer frå Nepal. Opphavleg Stein frå dei gamle grunnmurane vart nytta opp att, men det mangla noko stein. Dei har bruk for mellom 10 til 20 store sekker med stein. Steinen ynskjer dei å finne i området mellom Nedbergo og Fureholten, og frakta den ned til Nedbergo med helikopter. Fureholten ligg mellom garden Nedbergo og heimastølen til Nedbergo.

Transporten skal gjennomførast på ein dag i tidsrommet frå 2. juli til 1. oktober 2018. Transporten skal samordnast med transport av ostebua til Nedbergo.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Kopi av kart vedlagt søknad

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Dette gjeld «....masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral....» jf. § 2 punkt 1.1 a). Uttak av stein er ikkje nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 første ledd; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».

For å frakta stein frå Fureholten til Nedbergo vert det søkt om landingsløyve for helikopter. I Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag, lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltninga må vurdera om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ til landing med helikopter på Nedbergo for transport av stein.



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Nedbergo ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er to gardsbruk på Nedbergo, men ingen av gardane er i drift i dag. Fleire av bygningane på Nedbergo er restaurerte. Ostebua og geitefjøsen er under restaurering. Grunnmurane på bygga er restaurert med steinane som var i dei gamle grunnmurane, men det mangla noko Stein for å ferdigstilla restaureringa av murane. Det har vore vanleg å finne Stein i området til grunnmurar. Næraste område for å finne Stein til muring er eit område nordaust for garden ved Fureholten. Det er ikkje bruk for store mengder Stein. Ved å plukke Stein i terrenget, og nærliggjande steinurer, vil ikkje tiltaket gje store verknader på landskapets art eller karakter, og det vert kort avstand å flytte steinane. På denne bakgrunn vurderer forvaltar vilkåra er oppfylt for å vurdera dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt til uttak av Stein til grunnmurane.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Nedbergo og restaureringsplan for Nærøyfjordområdet. Det er ikkje kjente førekomstar av sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 18.06.2018) på Nedbergo og Fureholten.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 vert vurdert som godt for å vurdera denne saka. Føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er ikkje tillagt vekt i denne saka då kunnskapen om området er vurdert som god.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Eit avgrensa uttak av Stein ved Fureholten vil ikkje føra til stort inngrep i landskapet. Dersom det ikkje vert funne Stein i området, må det fraktast Stein til området med helikopter. Denne transporten ville koma i tillegg til transport av utstyr. Den totale belastninga på området vil truleg vera større ved å fly Stein til området enn at det vert teke ut ei avgrensa mengde Stein frå nærområde. Restaureringsarbeidet slik det er planlagt, vil føra til ivaretaking av kulturlandskapet og vil lite truleg gje noko auka belasting på naturverdiane i området. Tiltaket vil vera positivt for den totale opplevinga av landskapet på Nedbergo, og for ivaretaking av den tradisjonelle byggetradisjonen i området. Inngrepet i steinura er vurdert som eit bagatellmessig inngrep.

Søkjar har i samråd med Geirr Vetti og sherpa frå Nepal vurdert Fureholten som eit område med god muringsstein. Alternativet til å finne Stein i området er å transportera Stein frå utsida av verneområdet. Det vil gje auke i motorisert ferdsel, og gjera det vanskeleg å gjennomføra restaureringsarbeidet. Det er små mengder Stein det er trong for til ferdigstilling av muren. Forvaltar vurderer planlagt arbeidsmetode som den beste miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12 for dette tiltaket. Helikoptertransport skal avgrensast til 1 dag, og skal samordnast med transport av ostebua. Transporten er vurdert som naudsynt og vil ikkje gje uro utover den tida transporten føregår.

Nml § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at uttak av Stein ved Fureholten og transport i samband med arbeidet, er eit naudsynt tiltak som det kan gjevast dispensasjon til med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.